



Fedje kommune  
Adm.bygg  
5947 FEDJE

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Marit Lunde, 57 64 30 05

## Fedje kommune - budsjett 2021 og økonomiplan 2021 - 2024

Fedje kommunestyre har i møtet 10.12.2020, sak 107/2020, handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan for 2021 – 2024. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Sjølv om vi er komne langt ut i nytt år no, vel vi likevel å komme med tilbakemelding på dokumenta, med tanke på arbeidet med budsjett og økonomiplan for neste periode, som tek til att på hausten.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparingar. Dette brevet er ei enkel tilbakemelding om korleis Statsforvaltaren vurderer kommunens økonomi og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følge av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i kommunens opphavlege budsjett og økonomiplan, og vi vil følge konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sett i verk.

### Oppsummering

**Det er positive små netto driftsresultat i heile planperioden. Kommunen legg også i år opp til eit stramt men realistisk budsjett for å oppretthalde tenestenivået, og investeringar blir lagde opp deretter. Utfordringsbildet ligg i demografi og nedgang i folketalet, og små reservar til uføresette hendingar.**

### Budsjett 2021

Budsjettet er i balanse med eit netto driftsresultat på 82 000 kroner, som tilsvarar 0,11 prosent av brutto driftsinntekter. Driftsresultatet blir avsett til disposisjonsfond. Resultatet ligg godt under det anbefalte nivået frå Teknisk berekningsutval (TBU) på 1,75 prosent.



Budsjetterte skatteinntekter og rammetilskot (frie inntekter) samanlikna med statsbudsjettet eller oppdatert KS-prognosemodell med nye folketal, viser at kommunen budsjetterer med noko lågare inntekter enn prognosemodellen.

Sum investeringar i anleggsmiddel utgjer 1,6 mill. kroner. 1 mill. kroner av desse skal finansierast med låneopptak. Dei største investeringane finn vi innanfor VAR-feltet og institusjonslokale.

### **Økonomiplan 2021 – 2024**

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter for 2022–24 viser små mindreforbruk i alle år. Overskota er planlagt avsett til disposisjonsfond som fri eigenkapital.

Det er budsjettert med noko auke i inntektene framover, spesielt med tanke på meir føreseielege utbetalingar frå Havbruksfondet. Rente- og avdragsutgifter er auka noko i slutten av perioden for å finansiere auka låneopptak.

Kommunen har ei langsiktig gjeld som per 31.12.2020 utgjer 54 mill. kroner (eks. pensjonsutgifter). Gjelda utgjer 62,5 prosent av driftsinntektene. Snittet for landet utgjer 117,2 prosent. Det er lagt opp til eit samla låneopptak på 3,8 mill. kroner i perioden.

Samla innestående på disposisjonsfond utgjorde om lag 8,5 mill. kroner per 31.12.2020. Dette tilsvarar om lag 11 prosent av driftsinntektene, som er over det anbefalte nivået frå TBU.

### **Finansielle måltal**

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling kommunens økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid. Vi kan ikkje sjå at kommunestyret har vedteke handlingsreglar/finansielle måltal for inneverande økonomiplanperiode.

### **Statsforvaltarens vurderingar**

Kommunen legg opp til stramme budsjett i perioden for å oppretthalde tenestenivået på om lag same nivået som tidlegare år.

Vi minner på nytt om at kommunelova § 14-2 pålegg kommunestyret å vedta finansielle måltal for utviklinga av kommunen sin økonomi for heile perioden. Dette gjeld spesielt for netto driftsresultat, langsiktig gjeld, og disposisjonsfond. Folketalsutvikling og demografi er elles godt belyst.

I forskrift for økonomiplan og budsjett går det fram at dei obligatoriske oppstillingane skal visast for heile økonomiplanperioden. Vi ber om at også del to, i skjema etter § 5-4 og § 5-5, skal takast med for heile perioden. Også skjema etter § 5-7, utvikling i gjeld skal utarbeidast. Vi ber om at dette blir innarbeidd i dokumenta.



Ifølgje eigeomsskattelova § 10 skal kommunestyret kvart år i samband med budsjettet, fastsetje kva satsar og reglar som skal nyttast ved utskrivning av eigeomsskatt for det komande skatteåret. Dette er kanskje gjort men viser ikkje i vedtaket til kommunestyret. Det same gjeld for vedtak om låneoptak.

Dokumenta er elles oversiktlege, og inneheld god orientering av tenesteområda. Det er positivt at det er med tenestemål både for budsjettåret og for økonomiplanperioden for alle dei ulike tenestene.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*